



## Saksframlegg

### Rullepark - skateområde

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg		
Ungdomsrådet		
Formannskapet		
Kommunestyret		

### Endeleg vedtaksrett i saka har kommunestyret

#### Dokument i saka:

[Temaplan for kulturbygg, idrett og friluftsliv, 2025-232](#)

#### Bakgrunn for saka:

Kommunestyret løyvde i sak 84/25 Økonomiplan 2027-2029 og budsjett 2026 kr 2.000.000 til prosjekt Rullepark med løyving frå investeringsbudsjettet 2027.

Behovet for eit utvida område til rulling/skating har vore ytra ynskje om i mange år, seist gjennom ny Temaplan for kulturbygg, idrett og friluftsliv. Det blei vinter 2025 gjennomført eit forstudie for å sjå på kostnadar og moglegheit. Forstudiet er gjennomført av Høgde, i tett samarbeid med avdeling kultur. I forstudien har ein og vore i kontakt med Betongpark, som er leiande leverandør på skateparkar i Noreg.

Anlegget er tenkt lagt til området mellom kulturhuset og Gardar.

Målet med prosjektet er fyrst og fremst å utvikle for å bidra til auke trivsel og samhald i nærmiljøet;

- Skape arenaer for kreativ bruk og allsidig aktivitet
- Gje eit tilbod som fungerer både i skuletida og på fritida
- Tiltrekke både lokalbefolkning og gjester til Fyresdal
- Inspirere til bevegelse og fellesskap – året rundt.

Det er tenkt fylgjande hovudelement:

- Stor skatepark på 800m<sup>2</sup> i betong med varierte element
- Mellomstor pumptrack ( mogleg å justere i storleik)
- Trampoliner integrert i bakken
- Gapahuk med plass til heile skuleklasse og slangbord for samling
- «Mange gode «hangouts» og sittegrupper fordelt i området.

Ein visar til forstudien som ligg som vedlegg til saka.

### **Framdrift:**

Planen er å gjennomføre eit forprosjekt i 2026. I forprosjektet skal ein:

- Utarbeide skisser og funksjonsbeskrivingar
- Kostnadsestimere og utarbeide målpris
- Finansieringsplan
- Skaffe ekstern finansiering

For å gjennomføre forprosjektet må ein leige inn ekstern kompetanse, dette er kostnadsestimert til kr 300.000,-. Dette er tenkt finansiert vi Fyresdal kommune sitt samfunnsutviklingsfond. Ein visar til eige sak til formannskapet om dette 11.03.2026.

Dersom forprosjektet konkluderer med at prosjektet er gjennomførbart og finansiering er på plass, får kommunestyret ei sak og vurdering, og ein kan eventuelt gå vidare til byggjefase med bygging i 2027.

### **Fysisk plassering:**

Forstudiet har tatt utgangspunkt i plassering mellom Kulturhuset og Gardar. Det er behov for eit relativt stort område; 3600m<sup>2</sup>.

Dette området er godt eigna, men i situasjonsanalyse i forstudiet står det:

Utfordringar og avklaringar:

*«Området har dårleg drenering og våt grunn –krev grundige grunnundersøkingar før vidare planlegging og investering*

*Treng ytterlegare informasjon frå kommunen om ledningskart, kablar og teknisk infrastruktur»*

Avdelingsleiar teknisk drift har no gjort ein vurdering av område. Der ligg 17 kummer i området, som alle er tilkople fleire rør, sjå vedlagte kart frå teknisk drift.

I tillegg er grunnen dårleg, det vil krevje mykje grunnarbeid og masseutskifting.

Det er estimert kostnadar på mellom 1-2 millionar kroner med masseutskifting og for å få tilpassa rør og kummer. Røra er dårlege, og bør kanskje bytast ganske snarleg uansett.

Det er gjort fleire vurderingar rundt alternativ plassering, mellom anna grusbanen nord for Gimle Det er og gjennomført eit møte med naboar i områda opptinneleg planlagd område og grusbanen. Administrasjonen er likevel klar på at det det best eigne og ynskjeleg området er det opprinneleg planlagde, mellom Kulturhuset og Gardar. Dette området er regulert til park i noverande reguleringsplan.

Trafikksikkerhetsutvalet ynskjer ei utgreiing av området ved og rundt skule, idrettshall og kulturhus. Dersom det blir politisk vedtatt, vil det bli gjennomført eit arbeid for å sjå samla på området. Eventuell plassering av rulleparken i dette området, vil då vere ein del av denne rapporten.

Ein kan derfor ikkje i skrivande stund seie noko om endeleg fysisk plassering, men at ein jobbar heilthetleg for å vurdere dette. Ein jobbar likevel vidare med forprosjektet, då realisering og bygging ikkje er planlagd gjennomført før i 2027.

### **Økonomi**

I forstudien er førebels estimert kostnad for anlegg sett kr 9 millionar.

Erfaring frå liknande prosessar viser at det mogleg å få ekstern finansiering opp mot 80%.

Aktuelle finansieringskjelder er spelemidlar, private stiftingar, private næringsaktørar og lokalt dugnadsarbeid. Det er avsett 2 millionar i budsjett for 2027, og dersom ein ikkje greier å finansiere opp til 9 millionar, eller det som er kostnadsestimert etter forprosjektet, kan prosjektet skalerast ned deretter, eller stoppast.

### **Organisering av forprosjektet:**

Det må etablerast ein arbeidsgruppe som jobbar forprosjektet slik:

Prosjektgruppe:

Prosjektleiar	innleigd, finansiert med midlar til forprosjekt
Prosjektansvarleg	Avd. leiar kultur
Medlem prosjektgr.	Avd. leiar teknisk
Medlem prosjektgr.	Næringssjef

Referansegruppe:

Kommunalsjef kultur og oppvekst  
Medlem hovudutvalet kultur og oppvekst  
Leiar elevrådet  
Leiar ungdomsrådet

Prosjektet lysast ut på anbod, samla som ein samspelsentreprise. Ei samspelsentreprise er ein gjennomføringsmodell der byggherre og entreprenør inngår eit tett samarbeid frå tidleg fase av prosjektet. Dette inneber at entreprenøren blir involvert allereie i forprosjektfasen for å bidra med sin kompetanse i planlegging, prosjektering og kostnadsestimering.

Målet er å utvikle løysingar som er kostnadseffektive, gjennomførbare og tilpassa behova til brukarane. Tidleg involvering av entreprenør gir betre løysingar og kostnadskontroll, ein vil ha felles mål og openheit og det vil redusere risiko for konflikter. Det vil og gje ein fleksibilitet til å tilpasse prosjektet undervegs.

Når forprosjektet er gjennomført, blir kommunestyret orientert om planar og kostnader, og tar da stilling til om det er ynskjeleg å gjennomføre hovudprosjektet, som er realisering og bygging av rulleparken.

### **Vurdering:**

*Saka er vurdert ut frå strategi for samfunnsutvikling kultur og frivillige i kommuneplanen sin samfunnsdel for Fyresdal kommune 2023-2035:*

*Fyresdal kommune skal satse på eit attraktivt og breitt kultur- og fritidstilbod*

- *Legge til rette for møteplassar*
- *Jobbe for ein meningsfull fritid for alle*

*Temaplan for kulturbygg, idrett og friluftsliv har dette som eit av fire hovudsatsingsområde*

- *Fleire møteplassar for uorganisert aktivitet*

*Skateområde er tiltak nummer ein i planen for å nå dette målet*

Realisering av rullepark i sentrumsområdet har vore etterspurt, og er eit positivt tiltak. Det er avsett kommunale midlar som skal delfinansiere prosjektet, og det er planlagt gjennomført i 2027.

Fyresdal kommune er i ein fase med stor næringsetablering, og vil ganske snart ha behov for arbeidskraft og tilflytting. Dette kan vere eit viktig tiltak for gjere seg attraktiv for tilflyttarar, men og like viktig for dei som allereie bur her.

Målgruppa for området er barn og unge i alder 6 år og oppover, og vi ser at området allereie no er mykje brukt av målgruppa.

**Konklusjon:**

Det er eit positivt tiltak som er ynskjeleg for Fyresdal kommune sine innbyggjarar og generelle samfunnsutvikling og næringslivssatsing.

Fyresdal kommune startar prosessen med forprosjekt til Rullepark i Fyresdal kommune. Forprosjektet blir finansiert med midlar frå samfunnsutviklingsfondet, inntil kr 300.000,- jfr. Sak om stønad frå samfunnsutviklingsfondet til formannskapet 11.03.2026. Kommunestyret skal ha resultatet av forprosjektet til vedtak og vurdering før eventuell realisering og bruk av dei avsette kommunale investeringsmidlane.

**Innstilling frå kommunedirektøren:**

Fyresdal kommune startar prosessen med forprosjekt til Rullepark i Fyresdal kommune.

Forprosjektet blir finansiert med midlar frå samfunnsutviklingsfondet, inntil kr 300.000,-, med løyving i 2026 **med atterhald om positivt vedtak i eigen sak til formannskapet 11.03.2026.**

Kommunestyret gir kommunedirektøren fullmakt til å gjennomføre eit forprosjekt etter føringane som ligg i denne saka.

Kommunestyret skal ha sak om resultatet av forprosjektet før eventuell realisering og bruk av dei kommunale investeringsmidlane

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Hilde Martini Momrak
	avdelingsleiar kultur